

---

Saksnr: 2020/73818-1  
Saksbehandlar Kari Steinsland  
Dato: 08.10.2020

---

---

**Til:** Hovedutval for samferdsel og mobilitet og Fylkesutval

---

**Frå:** Fylkesrådmann

---

## Orientering om autonom buss i Førde

I august 2020 tok Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen Sogn og Fjordane i bruk nye fasilitetar på Verftet i Førde. Det inneber mellom anna at ein del av studentane vil få ei utfordring med transport mellom Vie og Verftet.

I april 2020 tok Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet derfor initiativ ovanfor Vestland fylkeskommune, Sunnfjord kommune og ei rekke andre aktørar for å vurdere eit alternativt tilbod om transport. Då dette er eit initiativ der studentinvolvering og innovasjon vil være viktig, ble det tidlig avklart følgjande:

- Semje om at ein vil vurdere ein pilot med sjølvkøyrande bussar og at ein etablerer ei arbeidsgruppe for dette
- Semje om at ein må finne andre løysingar for det kortsiktige transportbehovet (haust 2020)

Knowit vart engasjert av Sunnfjord kommune for å kartlegge aktuelle ruter og omfang av ein eventuell pilot for sjølvkøyrande bussar i Førde. Kartlegging vart gjort i eit bredt samarbeid med ulike aktørar. Dette arbeidet er nå konkludert og saman med Sunnfjord kommune og Høgskolen på Vestlandet vil no Skyss/Kringom etablere neste fase for mogleg pilot. Målsetting i denne fasen er å utarbeide ein søknad om gjennomføring og finansiering av pilot for autonom buss. Søknad vil og omfatte søknad til Vegdirektoratet om pilotdrift med løyve for angitt køyretøy, rute og periode. I arbeidet vert det lagt til grunn at ein eventuell pilot skal verte finansiert av ein offentlig støtteordning som for eksempel Pilot-T.

Fram til no har Sunnfjord kommune tatt hovudansvar for prosjektet. Erfaring frå tilsvarande pilotar tilseier at det er svært viktig med lokal forankring og involvering i eit slikt prosjekt. I vidare prosess vil derfor Sunnfjord kommune og HVL ha sentrale roller. I det vidare arbeid tilrår ein at det er /Skyss/Kringom som tar hovudansvar for prosjektet. Bakgrunnen for dette er at Skyss/Kringom gjennom ansvar for kollektivtilbodet har nødvendig kompetanse og prosesser til å ivareta eit nytt kollektivtilbod. Tilsvarande pilotar andre stader i landet har hatt tilsvarande organisering der mobilitet - og kollektivselskapet har tatt eit sentralt ansvar.